

KOMMISJONSDIREKTIV 98/28/EF**av 29. april 1998****om unntak frå visse føresegner i rådsdirektiv 93/43/EØF om næringsmiddelhygiene med omsyn til sjøtransport av råsukker i bulk(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 93/43/EØF av 14. juni 1993 om næringsmiddelhygiene⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

Opplysningar viser at det i røynda er vanskeleg å gjennomføre kapittel IV nr. 2 andre leddet i vedlegget til direktiv 93/43/EØF om bulktransport av næringsmiddel i flytande form, i form av granulat eller pulver i romfang og/eller containerar/tankar som er sette av til transport av næringsmiddel, og at gjennomføringa inneber ei urimeleg tung bør for næringsmiddelføretak når det gjeld sjøtransport av råsukker som ikkje skal nyttast til konsum eller som næringsmiddelingsrediens utan at det har gjennomgått fullstendig og fullgod raffinering.

Det må likevel sikrast at eit unntak frå føresegnene gjev eit tilsvarande vernnivå for folkehelsa, ved at det vert knytt visse vilkår til unntaket.

Talet på romfang og/eller containerar/tankar som er sette av til sjøtransport av næringsmiddel, er ikkje tilstrekkeleg høgt til å sikre handel utan avbrot med råsukker som ikkje skal nyttast til konsum eller som næringsmiddelingsrediens utan at det har gjennomgått fullstendig og fullgod raffinering.

Røynsler frå dei seinare åra viser at raffinert sukker ikkje vert ureina når sjøtransporten av råsukker i bulk skjer i romfang og/eller containerar/tankar som ikkje er sette av til transport av næringsmiddel. Det må likevel provast at romfang og/eller containerar/tankar som tidlegare er nytta til transport, er vortne forsvarleg reingjorde, og at reingjeringa vert vurdert som ein avgjerande faktor (eit «kritisk punkt») for den allmenne tryggleiken og helseemda til det raffinerte sukkeret.

I medhald av artikkel 8 i direktiv 93/43/EØF ligg det på medlemsstatane å utføre kontrollar for å sikre gjennomføringa av dette direktivet.

Det særskilte unntaket som er fastsett i dette direktivet, rører ikkje ved dei allmenne føresegnene i direktiv 93/43/EØF.

Vitskapsutvalet for næringsmiddel er rådspurt.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste næringsmiddelutvalet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I dette direktivet er det gjort eit unntak frå føresegnene i kapittel IV nr. 2 andre leddet i vedlegget til direktiv 93/43/EØF og fastsett tilsvarande vilkår for å sikre vernet av folkehelsa og tryggleiken og helseemda til dei aktuelle næringsmidla.

Artikkel 2

1. Sjøtransport i bulk av råsukker som ikkje skal nyttast til konsum eller som næringsmiddelingsrediens utan at det har gjennomgått fullstendig og fullgod raffinering, er tillaten i romfang og/eller containerar/tankar som ikkje er sette av berre til transport av næringsmiddel.

2. Dei romfanga og/eller containerane/tankane som er nemnde i nr. 1, er underlagde følgjande vilkår:

- før lastinga av råsukkeret skal romfanga og/eller containerane/tankane gjennomgå ei forsvarleg reingjering for å fjerne restar frå den førre lasta og all anna ureinske og inspiserast for å slå fast at slike restar er fjerna på ein effektiv måte.
- den siste lasta for lasta med råsukker skal ikkje ha vore flytande varer i bulk.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 140 av 12.5.1998, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/1999 av 29. januar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til *De Europeiske Fællesskaps Tidende*.

(¹) TEF L 175 av 19.7.1993, s. 1.

Artikkel 3

1. Det næringsmiddelføretaket som er ansvarleg for sjøtransporten av råsukker, skal ha i forvaring nøyaktige og detaljerte underlagsdokument for den førre lasta som vart førd i romfanga og/eller containerane/tankane, og for korleis og kor forsvarleg desse vart reingjorde før transporten av råsukkeret.
2. Underlagsdokumenta skal følgje sendinga gjennom alle transportstrekningane heilt fram til raffineriet, som skal ha i forvaring ein kopi av desse dokumenta. Underlagsdokumenta skal vere merkte med setninga «Dette produktet må raffineras før det vert nytta til konsum» godt synleg og usletteleg på eitt eller fleire fællesskapspråk.
3. Det næringsmiddelføretaket som er ansvarleg for sjøtransporten av råsukkeret og/eller raffineringa, skal etter oppmoding leggje fram dei underlagsdokumenta som er nemnde i nr. 1 og 2, for dei rette offisielle styresmaktane med ansvar for kontroll av næringsmiddel.

Artikkel 4

1. Råsukker som er vorte frakta sjøvegen i romfang og/eller containrar/tankar som ikkje er sette av berre til transport av næringsmiddel, skal gjennomgå ei fullstendig og fullgod raffinering før det vert rekna som eigna til konsum som næringsmiddel eller næringsmiddelingsrediens.
2. Dei næringsmiddelføretaka som er ansvarlege for transporten og raffineringa, skal vurdere reingjeringa av romfanga og/eller containerane/tankane før lastinga av råsukkeret som ein avgjerande faktor (eit «kritisk punkt») for tryggleiken og helsesemda til det raffinerte sukkeret slik det er definert i

artikkel 3 nr. 2 i direktiv 93/43/EØF, samstundes som det vert teke omsyn til kva type last som sist vart frakta i romfanga og/eller containerane/tankane.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. august 1998. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.
2. Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 6

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 7

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 29. april 1998.

For Kommissjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommissjonen